

Miljøverndepartementet
postmottak@md.dep.no



Deres ref./your ref.:

Vår ref./our ref.:
118552

Dato/date.:
Oslo, 14. januar 2008

Konsultasjon av nasjonal allokeringsplan

Vi viser til konsultasjonsdokumenta og presenterer med dette EBLs kommentarer til utkastet til tildelingsplan.

Innleiing

For EBL er det naturleg å leggja særleg vekt på tildeling til energisektoren. Kraft blir handla på ein felles nordisk børs, og det nordiske kraftsystemet har betydeleg utveksling med andre europeiske land. Denne integrasjonen blir stadig sterkare, både ved utbygging av større overføringskapasitet og ved meir effektiv bruk av eksisterande utvekslingskapasitet. Til dømes vert ein kabel mellom Norge og Nederland blir sett i drift i løpet av kort tid. Aukande bruk av naturgass i norsk energiforsyning bidrar også til å styrka denne integrasjonen. Prisen på lokale energileveransar, som fjernvarme og lokale biomasse-ressursar, blir påverka av prisen på kraft og petroleumsprodukt. Indirekte møter difor også denne delen av energinæringa internasjonal konkurranse. Norske energiselskap er difor direkte eksponerte for internasjonal konkurranse, og denne effekten vil bli sterkare dei neste åra.

Samfunnsøkonomisk sett er det viktig at energiproduksjon kan plasserast optimalt i forhold til tilgang på primærenergi, etterspørsel og kapasitet i overføringssystemet. Eit marknadsbasert energisystem i kombinasjon med velutvikla infrastruktur legg til rette for det. Med eit felles europeisk kvotesystem er det mogleg å føra ein effektiv klimapolitikk utan å leggja nye føringar for plassering av energianlegg. Det krev at like anlegg vert behandla likt innanfor kvotesystemet, også i forhold til tildeling av kvotar til nye og eksisterande anlegg.

Det er også viktig at konkurrerande verksemd innanlands vert likebehandla ved kvote-tildelinga. Ordinære gasskraftverk, kraftvarmeverk og fjernvarmeanlegg må behandlast likt med tilsvarande energianlegg som er integrerte i andre industrianlegg. Det vil vera uheldig om ulik tildeling legg føringar for tekniske og kommersielle løysingar som ikkje har klimapolitisk relevans.

Vurdering av tildeling til energisektoren

Den tildelingsplanen som vert føreslått, ivaretek etter EBLs vurdering omsynet til likebehandling både med konkurrerande verksemd i andre land og likebehandling mellom frittstående og integrerte energianlegg i Norge.

Vi vil imidlertid påpeika at det for fjernvarmesektoren er uheldig at det ikkje er sett av kvotar til anlegg og selskap med ny eller utvida verksemd etter referanseperioden 1998-2001. Veksten i fjernvarmesektoren har vore stor dei siste åra, og manglande tildeling til anlegg med oppstart etter referanseperioden er ei diskriminering ikkje berre i forhold til etablert verksemd, men også i forhold til konkurrerande energileveransar – ny kvotepliktig kraftproduksjon vert tildelt kvotar i Norge og i dei fleste andre europeiske land.

Vi er uroa over ei formulering i utkastet til tildelingsplan. I det avsnittet som omhandlar årleg utdeling av kvotar, heiter det at kvotar som er allokerte, kan haldast tilbake også "if scope of the project deviates significantly from the assumptions upon which the allocation decision is based." Det framgår ikkje av utkastet korleis dette skal forståast, og vi legg til grunn at dette ikkje betyr at tildelinga til gasskraftverk og anna energiverksemd skal endrast midt i tildelingsperioden. Prisnivået i energimarknadene varierer betydeleg, og det gjer at også energianlegg som teknisk sett er grunnlastanlegg, i perodar kan bli utnytta mindre enn normalt. Det vil undergrava funksjonaliteten i kvotesystemet om dette fører til at tildelte kvotar vert haldne tilbake. Signal om slik tilbakekalling vil vera eit direkte insentiv til å produsera meir enn planlagt, fordi muligheten til sal av uutnytta kvotar fell bort. EBL vil difor be om at teksten i tildelingsplanen vert justert for å klargjera at avvik frå tildelingskriteriet for energianlegg eit år ikkje fører til reduserte tildelingar seinare år.

Vasskraft som ein del av prosjektbaserte Kyoto-mekanismar

Når det gjeld bruka av utsleppskredittar frå dei prosjektbaserte mekanismane, vil vi særleg kommentera formuleringane knytta til vasskraft. Fleire norske energiselskap arbeider i dag med prosjekt som kan generera utsleppskredittar, og slike kredittar vil gje eit viktig bidrag til lønsemda i slike prosjekt. Regelverket for godkjenning av kredittar er difor viktig ikkje berre for kvotepliktige norske aktørar, men også for norske investorar.

Regjeringa legg opp til at vasskraftanlegg større enn 20 MW skal vurderast etter internasjonale kriterium, og det vert vist til ein rapport frå World Commission on Dams frå november 2000. Dette arbeidet legg utslepp av metan frå tropiske magasin til grunn for å estimera klimateffetar av vasskraft og får dermed utsleppstal som kan ligga vesentleg over faktiske utslepp. Tropiske magasin med stort innhald av organisk materiale er ikkje representative for alle vasskraftprosjekt som er aktuelle under dei prosjektbaserte mekanismane, og EBL meiner difor at eit breiare vurderingsgrunnlag må leggst til grunn. I denne samanhengen vil vi særleg peika på at det føregår eit arbeid i regi av FNs klimapanel rundt dette, og det vert også gjennomført målingar av slike utslepp frå norske vassmagasin.

Vi vil elles peika på at ei grense på 20 MW for oss framstår som vilkårleg. Det finst ei rekke eksempel på berekraftige vasskraftprosjekt som er større, og i denne samanhengen er det naturleg å peika på at Finansdepartementet i desember i fjor kunngjorde kjøp av kvotar frå eit vasskraftprosjekt på 200 MW i Kina.

Vidare utvikling av kvotesystem og tildelingsprinsipp

I utkastet til tildelingsplan vert det sagt at regjeringa ønskjer å arbeida for å redusera eller til og med fjerna gratistildeling i kvotesystemet i framtida. EBL støttar dette, så lenge ein slik reduksjon er harmonisert på europeisk nivå. Ein slik prosess vil imidlertid også måtte ta omsyn til konkurranseforholdet mellom Europa og regionar utan klimapolitiske virkemiddel av

